



Protokoll frå årsmøte for 2021 - Hafslo IL

torsdag 17.mars 2022 kl.19 på Eikum Hotell

Tilstades:

19 personar ved møtestart.

22 personar ved møteslutt.

Sak 1: Opning

Årsmøtet starta kl.19. Leiar Ove Midtbø ønskjer velkomen og informerte om praktisk gjennomføring av møtet.

Årsmøtet starta med eitt minutt stillheit for å markere motstand mot krigshandlingane og støtte til offera for krigen i Ukraina.

Sak 2: Godkjenning av innkalling

Ok. Godkjent.

Sak 3: Godkjenning av sakliste

Styret viste til at det var kome inn ei sak etter fristen, som gjeld støtte til innkjøp av løypemaskin for langrenn ved Sogn Skisenter i samarbeid med skisenteret og andre idrettslag i kommunen. Styret ønskjer å handsame dette som ny sak under punkt 11d.

Ok. Årsmøtet godkjende saklista, og at årsmøtet handsama styret sitt framlegg til ny sak under punkt 11 d.

Sak 4: Val av møteleiar og skrivar

Møteleiar: Ove Midtbø

Skrivar: Birthe Johanne Finstad

Sak 5: Val av to medlemmar til å skrive under møteboka

Nina Cirotzki og Svein Solheim

Sak 6: Årsmelding frå styret

Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til hovudstyret.

Jon Ove Lomheim tok ordet og overrakte hopplandslagscaps til Ove Midtbø som takk for innsatsen som leiar etter gjennomgangen.

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga utan merknader.

Sak 7: Årsmelding frå gruppene

- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til stadionstyret.
- Jon Ove Lomheim orienterte om årsmeldinga til stadionstyret.
- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til alpingruppa.



- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til langrennsgruppa.
- Elin Anette Hillestad orienterte om årsmeldinga til fotballgruppa.
 - Merknad Geir Arne Kvam: Er forundra over at ein måtte trekka jo jentelag på haustsesongen. Det burde vore mogleg å halda i gang i alle fall eitt jentelag, då dette var aldersgrupper som kunne ha spelt saman. Stilte også spørsmål til kva for tilbod Hafslo IL har til jenter 13+ sesongen 2022?
 - Fotballgruppa v/Elin Anette Hillestad viste til at bakgrunnen for at HIL måtte trekke jentelag på hausten har vore orientert om på utvida styremøte tidlegare. HIL har også avtale om samarbeidslag med Bjørn og Kaupanger på både jente- og gutenivå sesongen 2022.
- Erna Hamrum orienterte om årsmeldinga til foreldrelaget for aldersfastlagd fotball.
- Ann-Kristin Gjerde orienterte om årsmeldinga til barneidrettsgruppa.
- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til trimgruppa.
- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til handballgruppa.

Årsmøtet godkjenner årsmeldingane frå gruppene.

Årsmøtet godkjenner heile årsmeldinga for Hafslo IL 2021.

Sak 8. Rekneskap

- Ove Midtbø gjekk gjennom rekneskapen og økonomisk melding frå styret.
- Kontrollutvalet ved Gerd Westby orienterte om gjennomgang og kontroll av rekneskapen, styrereferat, årsmelding, materiallister m.m. Kontrollutvalet tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen og den økonomiske meldinga frå styret for 2021.

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2021.

Sak 9: Fastsetjing av medlemskontingent

Styret føreslår at vi held fram med gjeldande takstar, som er

- Kr. 300 enkeltmedlemskap
- Kr. 750 familiemedlemsskap
- Kr. 100 pensjonistmedlemsskap

Årsmøtet vedtek at Hafslo IL held fram med gjeldande satsar for medlemskontingent med verknad for 2023.

Sak 10: Budsjett 2022

Ove Midtbø orienterte om budsjettforslaget styret legg fram.

Spørsmål frå årsmøtedeltakarane:

- Er det pengar til lys i Moane i budsjettet?
 - Dette vert finansiert gjennom spelemiddelordninga. Midlane til lysanlegg står på eigen anleggskonto utanfor det ordinære budsjettet.
- Er det rom for innkjøp til oppgradering av vatningsanlegg i Moane?
 - Det er rom for innkjøp i budsjettet, men må vurderer når vi har henta inn tilbod. Er eit innkjøp ein ikkje treng årsmøtegodkjenning for. Styret tek dette med seg vidare.



- Er det rom for innkjøp/oppgradering av lydanlegg i Moane?
 - Budsjettet gir rom for slike innkjøp dersom styret går inn for det.
- Kva blir kostnadane knytt til tilknytning til kommunalt vatn i Moane? Kor mykje av kostnadane tek kommunen?
 - Ove Midtbø opplyste at det ikkje er avklart kor mykje som vert dekt av kommunen og kor mykje Hafslo IL må betale. Styret har dialog med kommunen og grunneigarane om dette, og det vert uansett rimelegare for Hafslo IL etter at kommunen bestemte seg for å etablere brannhydrant ved klubbhuset.

Merknader frå årsmøtedeltakarane ved budsjettgjennomgangen:

- Det står 4000 kr som utgift på alpingruppa til trenar/instruktør.
 - Pengane blir flytta til posten drift og vedlikehald på anlegg på Heggmyrane.
- Startkontingent barneidretten (onsdagsrenn) finst ikkje lenger, men står med 3000 i inntekt der.
 - Posten kan stå med 3000 kr i budsjettet i tilfelle ein får behov for det.
- Utgiftene til dommarar på budsjettet til fotballgruppa er truleg for lågt.
 - Årsmøtet justerer opp til 30 000 kr og legg inn 15 000 kr ekstra i inntekter til kiosksal.

Årsmøtet godkjenner budsjettet 2022 med justeringane nemnt ovanfor.

Årsmøtet tok pause for matsservering kl.2030. Oppstart etter pausa kl.2105.

Innlegg ved Erling Bjørnetun, kultursjef i Luster kommune

- Oppmoda om å bruka årsmøtet til å tenkja framover. Kommunen har laga brosjyre for frivillige i idrettslag, ei innføring/hjelp til å finna fram i byråkratiet som gjeld søknader om spelemidlar til anlegg.
- Luster kommune stiller opp med tilsvarande sum til anlegg som ein får gjennom spelemiddelordninga.
- Fireårig planprosess i kommunen, jobben må gjerast året før planar blir vedtekne. Planane i Luster kommune blir følgde av investeringsbudsjett.
- Det er ei rekke krav for å få godkjent søknad om spelemidlar. Anleggspolitikken til Luster kommune er delt i tre:
 - Rehabilitering av eksisterande anlegg. Anlegg må ha ein viss alder. Rehabilitering etter kvart viktig for HIL, har bygg og anlegg som krev rehabilitering.
 - Nærmiljøanlegg. Det er anlegg som i utgangspunktet ikkje skal byggjast for konkurranse, men for aktivitet i nærmiljøet. T.d. ballbingar er nærmiljøanlegg, også mindre baner.
 - Ordinære anlegg. Treng ulik dokumentasjon for areal, finansiering osv. for å kunne få utløyst spelemidlar.
- Prosessen i HIL startar i morgon. Fireårsplanen til Luster kommune går ut i 2023. Dersom idrettslaget ønskjer å få anlegg inn i ny plan, så må årsmøtet gjera vedtak i 2023. Nasjonale og regionale føringar legg til grunn samordning i Luster idrettsråd. Rådet prioriterer mellom laga kva type anlegg som skal spelast inn til kommunal planprosess. VIKTIG om kommunale planprosessar: Det skal takast omsyn til medverknad for barn og unge i planprosessar. Det er godt ivareteke i Luster. Ungdomane har ei viktig røyst inn mot kommunestyret.



- Eit godt anleggsarbeid i HIL startar i hovudstyre/anleggskomité. Førrebu sak til årsmøtet 2023. 1. mai er frist for å spela inn til idrettsrådet. Kommunen startar arbeidet sitt i mai/juni/juli. Ny anleggsplan skal vedtakast av kommunestyret i løpet av 2023.
- Luster kommune har faste dialogmøte med idrettsrådet. Er også mogleg å avtale møte dersom lag ønskjer å diskutera saker nærare med kommunen.

Styret takka Erling Bjørnetun for flott innlegg, og gode råd til idrettslaget om anleggsplanar framover. Hafslo IL takka også Erling og Luster kommune for samarbeidet vi har hatt om spelemiddelsøknader for utvikling av anlegg så langt.

Sak 11: Innkomne saker

a. Spelemiddelsøknad for K45

Jon Ove Lomheim orienterer:

- K45 ligg inne i anleggsplanen til kommunen. For å få sendt inn søknad om spelemidlar før fristen 1. oktober i år, må me ha årsmøtevedtak før det.
- Det er lagt ut kostnadsoverslag og finansiering.
- Syner skisser for planlagde bakkar for K45 og K70. K70 ligg utanfor planperioden og kan ikkje søkjast om spelemidlar for endå.
- Førslår no at Sogn Skisenter står som søkjar, ikkje HIL slik det går fram av gjeldande planverk. Skisenteret får refundert 100 prosent av momsens.
- Det er behov for meir vatn til snøproduksjon i området.
- Kostnadsoverslag og finansiering:
 - Sum for hoppanlegg: 7 770 000
 - Totalsum for anlegget inkl. snøproduksjonsanlegg: 10 770 000 kr
- Finansiering er greidd ut i saksframlegget. Hoppanlegg ekskl. vatn og snøproduksjon:
 - Spelemidlar: 2 590 000 kr
 - Luster kommune: 2 590 000 kr
 - Dugnad: 320 000 kr
 - Eigenkapital (idrettslaga): 200 000 kr
 - Mellomfinansiering: 900 000 kr
 - Ny sponsorstøtte: 600 000 kr
- Finansiering for vatn og snøproduksjon:
 - Spelemidlar: 1 000 000
 - Luster kommune: 1 000 000
 - Dugnad: 100 000 kr
 - Sponsor: 300 000 kr
 - Mellomfinansiering: 600 000 kr

Ove Midtbø orienterte om styret si innstilling til vedtak. Styret innstiller på at HIL støttar forslaget og bidreg med inntil 100 000 kr under desse føresetnadane:

- Sogn skisenter skal stå som søkjar og innsending av spelemiddelsøknad.
- Anlegget får tilsvarande økonomisk støtte frå IL Bjørn.
- Luster idrettsråd støttar innsending av spelemiddelsøknaden.



Årsmøtet vedtok følgjande innstilling frå styret:

Hafslo IL støttar innsending av spelemiddelsøknad for hoppanlegg K45 hausten 2022, og oppmodar Sogn Skisenter AS om å overta som søkjar/anleggseigar. Hafslo IL kan bidra med inntil kr.100.000,- til anlegget under føresetnad av tilsvarande økonomisk støtte frå IL Bjørn. Det er også ein føresetnad at både Sogn Skisenter AS og Luster Idrettsråd støttar innsending av spelemiddelsøknad for anlegget i tråd med framlegget frå Hoppgruppa i Hafslo IL.

b. Oppdatert sportsplan for fotballgruppa

Ove Midtbø orienterte om den oppdaterte sportsplanen for fotballgruppa.

- Planen er ei konkretisering av korleis fotballgruppa skal jobba.
- Fotballgruppa skal ha styring på all fotballaktivitet i HIL, inkl. t.d. Tine fotballskule og landslagsskuleansvarleg.
- Styret innstiller på å godkjenne den oppdaterte sportsplanen for fotballgruppa.

Merknader/spørsmål:

- Erna Hamrum: Viser til punkt om at seniorspelarar skal ha betalt både medlemskap og treningsavgift før dei kan delta i treningar og kampar. Håpar dette blir følgt opp. Ønskjer også at det blir lagt inn at det også skal gjelda juniorspelarar (frå 13 år).
 - Merknad frå Ove Midtbø: Born under 12 år er uansett dekkja gjennom klubbforsikringa HIL har. Frå 13 år må ein vere medlem for å vere omfatta av forsikringane som Hafslo IL har gjennom NFF. Dette gjeld ikkje berre for fotball, men også andre idrettar i Hafslo IL.
- Lars Olav Halleråker: Planen skil mellom barnefotball og ungdomsfotball. Les Sportsplanen slik at det kan praktiserast hospitering i barnefotballen, altså for born inntil 12 år. Ønskjer at vi unngår hospitering i barnefotballen i HIL, og følgjer Norges idrettsforbund sine retningslinjer for barneidrett.

Årsmøtet godkjenner Sportsplanen, men vedtek at fotballgruppa tek inn ei presisering om at ein ikkje skal bryta med Norges idrettsforbund sine retningslinjer for barneidrett. Såleis skal ikkje born under 13 år hospitera på lag med eldre spelarar. Viktig å skilja mellom hospitering og det å flytta opp spelarar for å kunna stilla lag til kamp. Ved slik oppflytting skal det rullerast på spelarar (hospitering).

c. Årsmøtet gir hovudstyret mandat til å justera handlingsplanen

Ove Midtbø orienterer om framlegget slik at nytt hovudstyre får mandat til å gjera tilpassingar i gjeldande handlingsplan. Justeringane gjeld i hovudsak ansvar, oppgåver og godtgjersle innanfor gjeldande rammer i handlingsplanen. Framlegget går også ut på at hovudstyret, i samarbeid med gruppeleiarane, lagar framlegg til ny anleggsplan (organisasjonsplan), som skal leggjast fram for årsmøtet i 2023.

Merknad/innspeil til justert handlingsplan:

- Jon Ove Lomheim kom med innspel om at det stadig oftare kjem spørsmål om berekraft når ein søker på ulike tilskotsordningar. Viktig å ta med seg dette i planarbeidet.



Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg og vedtek følgjande:

Årsmøtet gir hovudstyret mandat til å gjere tilpassingar i gjeldande handlingsplan (organisasjonsplan) for 2022 i tråd med framlegget. Dette gjeld både fordeling av ansvar, oppgåver og godtgjersle innanfor gjeldande rammer i anleggsplanen. Nytt hovudstyre, i samarbeid med gruppeleiarane, utarbeider framlegg til ny handlingsplan (organisasjonsplan) som vert lagt fram for godkjenning på årsmøtet i 2023.

d. Innkjøp av løypemaskin saman med Sogn Skisenter

Ove Midtbø orienterte om sak innkomen etter fristen, som gjeld støtte til innkjøp av løypemaskin for langrenn i samarbeid med Sogn Skisenter og evt andre lag og støttespelarar. I første omgang ønskjer styret at årsmøtet støttar at vi inngår dialog med skisenteret om innkjøp av løypemaskin, og at utvida styre gjer vedtak om økonomisk støtte på eit seinare tidspunkt når kostnader, finansiering mm. er avklart.

Årsmøtet er positive til at Hafslo IL støttar innkjøp av løypemaskin for langrenn ved Sogn Skisenter. Hovudstyret får mandat til å inngå dialog og samarbeid med Sogn Skisenter og andre lag og støttespelarar om dette, og at utvida styre tek stilling til økonomisk støtte når kostnader/finansiering er nærare utgreia.

Sak. 12: Val 2022 – sjå vedlegg

Ove Midtbø orienterer om hovudstyret sitt framlegg til val. Viste innleiingsvis til at idrettslaget ikkje har hatt valnemnd, der styret og gruppeleiarane har fungert som valnemnd. Det har vore utfordrande å få på plass styremedlemer til hovudstyret og tillitsvalde i ulike grupper og utval.

Hovudstyret

Årsmøtet støttar framlegget til leiar, og Ove Midtbø vert attvald som leiar.

Årsmøtet støttar framlegget til dei fire øvrige styremedlemane og gir hovudstyret mandat til å finne dei to manglande styremedlemane (eitt ordinært medlem + 1. vara) etter årsmøtet.

Grupper, nemnder, utval og kontaktpersonar

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til val av medlemer til ulike grupper/utval med følgjande merknader:

Alpingruppa: Ove orienterer om at det har vore vanskeleg å finne medlemer. Har to forslag til personar i gruppa, men ikkje leiar

Framlegg frå Lars Olav Halleråker:

- Anne Lene Sygna Halleråker blir medlem i handballgruppa.
- Lars Olav Halleråker går ut av handballgruppa og inn i alpingruppa saman med Nils Petter Solheim. Dei to får mandat til å konstituera seg sjølv og ev. også få med fleire medlemer i gruppestyret.

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Årsmøtet godkjenner framlegget til medlemmer i Alpingruppa.

Lerum Cup-nemnd: Her manglar representantar (kiosknemnd). Fotballgruppa og hovudstyret må finne representantar.

Årsmøtet godkjenner framlegget til medlemmer av Lerum Cup-nemnda.

Foreldrelaget for aldersfastlagd fotball: Ove Midtbø orienterer om at styret innstiller på at vi legg ned foreldrelaget for aldersfastlagd fotball på grunnlag av tilbakemelding frå fotballgruppa i forkant av årsmøtet. Erna Hamrum orienterer om kva som har vore ansvaret og arbeidsoppgåvene gruppa har hatt sidan oppstarten av foreldrelaget i 1984, og refererte mellom anna frå Hafslo IL si 75-års jubileumbok.

Årsmøtet godkjenner at foreldrelaget for aldersfastlagd fotball blir lagt ned, og at hovudstyret og fotballgruppa må avklare korleis ansvaret og oppgåvene som har vore lagt til gruppa skal løysast framover.

Valnemnd: Der er ingen kandidatar, hovudstyret og særgruppene fungerer som valnemnd inntil vidare.

Årsmøtet godkjenner dette.

Langrennsgruppa: Manglar leiar, men Per Fridolf Hillestad har sagt seg villeg til å vere kontaktperson. Innstiller på at vi gjer om gruppa til Langrennsnemnd med kontaktperson.

Årsmøtet godkjenner dette.

Styret innstiller på oppretting av følgjande nye nemnder med kontaktpersonar:

- Nemnd for fleirbrukshall på Hafslo
- Nemnd for stolpejakt i Luster kommune
- Hestesportnemnd
- Kajakknemnd

Årsmøtet godkjenner dette.

Oversikt over alle valde styremedlemer og medlemmer til grupper/utval ligg som vedlegg til protokollen, sjå nedanfor.

Desse fekk innsatskrus/merksemd på årsmøtet:

HOVUDSTYRET:

Kari Merete Henjum, Innsatskrus og blomar (Går ut av styret, styremedlem sidan 2016)

Geir Arne Kvam, Innsatskrus og blomar (Går ut av styret, styremedlem sidan 2017 - først vara, deretter styremedlem frå 2018)

Nina Cirotzki, Innsatskrus og blomar (Går ut av styret, 1.varamedlem sidan 2018)

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

FOTBALLGRUPPA:

Geir Arne Kvam, Innsatskrus som dommaransvarleg
Bjørn Arild Grindhaug, Innsatskrus som trenar
Ann Kristin Torgersen, Innsatskrus som Miniputt-ansvarleg
Linda Kristin Brunborg, Innsatskrus som trenar

Attestar til ungdomsinstruktørane som hjalp til på Tine Fotballskule Hafslo 2021.

TRIMGRUPPA:

Audhild Moe, Innsatskrus (Går ut av gruppa)
Grete Marie S. Solvi, Innsatskrus (Går ut av gruppa)
Adrienne Kvam, Innsatskrus pga innsatsen med Georeg
Katrin L. Nes, Innsatskrus, blomar og gavekort frå Intersport (Går av som leiar. Har vore leiar sidan 2016. Held fram som gruppedlem)
Sedrik Norheim og Kurt Norheim: T-skjorter Trimmiankongar på Hafslo + treningsbukser. Fullførte alle trimpostane på ein dag.

LANGRENNSGRUPPA:

Elise Landøy, Innsatskrus og blomar (Går av som leiar og ut av gruppa. Leiar sidan 2021, gruppedlem sidan 2019)
Trond Sekse, Innsatskrus (Går ut av gruppa)

BARNEIDRETTSGRUPPA:

Ann-Kristin Gjerde, Innsatskrus
Terje Brunborg, Innsatskrus
Janne Kjølraug Grønbech, Innsatskrus

ALPINGRUPPA:

Ellen Sophie Wangensteen, Innsatskrus og blomar (Går av som leiar og ut av gruppa. Leiar sidan 2021, medlem og freeski-kontakt sidan 2020)
Lars Olav Halleråker, Innsatskrus som trenar

LERUM-CUP NEMND:

Erna Hamrum, Innsatskrus (Går ut av nemnda)
Ann Elisbeth Skjerven, Innsatskrus (Går ut av nemnda)
Britt Brugrand, Innsatskrus (Går ut av nemnda)

UNGDOMSKONTAKTAR:

Iselin L. Brusegard, Innsatskrus og attest (Går av som ungdomskontakt)
Hallgeir Hillestad, Innsatskrus og attest (Går av som ungdomskontakt)

FORELDRELAGET FOR ALDERSFASTLAGD FOTBALL:

Erna Hamrum, Blomar og gavekort frå Intersport (Går ut av foreldrelaget etter innsats i gruppa sidan 1984).

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

MARKNADSNEMND:

Thomas Skjerven, Innsatskrus (går ut av nemnda)

Margrete S. Røneid, Innsatskrus (held fram i nemnda, men får innsatskrus for innsats i mange år)

Ann Elisabeth Skjerven, Innsatskrus (held fram i nemnda, men får innsatskrus for innsatsen)

KONTROLLUTVAL:

Gerd Westby, Blomar som takk for innsatsen

Hermann Odd Stein, Blomar som takk for innsatsen

SÆRSKILT MERKSEMD:

Norill Terese Norheim, Innsatskrus, blomar og gåvekort frå Intersport (Kåra til Årets unge leiar på jubileumskrinstinget til NFF, har gjort ein god jobb som leiar av Fotballgruppa og held fram som leiar)

Jon Ove Lomheim, Innsatskrus og blomar (Har gjort ein ekstraordinær innsats for realisering av anlegg for hopp og langrenn ved Sogn Skisenter)

Birger Moene – Årets pris, Innsatskrus, blomar, gensar med stadionsjef på ryggen, treningsbukse og gåvekort frå Intersport.

Årsmøtet vart heva kl.23.04.

Underteikna protokoll:

Svein Solheim

Nina Cirotzki

Vedlegg – val 2022:

HOVUDSTYRET:

Verv	Namn	På val
Leiar	Ove Midtbø	2024 (som leiar 2023)
Styremedlem	Sandhya Karlsen Holene	2023
Styremedlem	Birthe Johanne Fredheim Finstad	2024
Styremedlem	Erna Hamrum	2023
Styremedlem	Anne Perlaug Fossøy	2023
Styremedlem	*	
1.varamedlem	*	
2.varamedlem	Arthur Bremer Brynjulfson	

*Hovudstyret får mandat til å finne styremedlem + 1.varamedlem og fordeling av ansvar og arbeidsoppgåver mellom styremedlemene etter årsmøtet, jf. sak 11 c på årsmøtet 17.mars 2022.

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

FOTBALLGRUPPA:

Leiar	Norill Terese Norheim
Medlem	Karita Nes
Medlem	Elin Anette Hillestad
Medlem	Camilla Bremer
Medlem	Jan Erik Røneid
Medlem	Hans Olav Hellesøe
Medlem	Ann Kristin Torgersen - miniputtansvarleg

TRIMGRUPPA:

Leiar	Terje Brunborg
Medlem	Katrin Læg Reid Nes
Medlem	Adrienne Kvam
Medlem	Monica Heggstad
Medlem	Sandra Nesse Sørhoel
Medlem	Kjell Arild Høyum

HOPPGRUPPA:

Leiar	Jon Ove Lomheim
Medlem	Per Birger Lomheim
Medlem	Ove Fredheim
Medlem	Vegard Bondevik Lie
Medlem	Ole Johnny Sie
Medlem	Geir Afdal

BARNEIDRETTSGRUPPA:

Leiar	Ann-Kristin Gjerde
Medlem	Terje Brunborg
Medlem	Janne Kjølraug Grønbech

HANDBALLGRUPPA:

Leiar	Sandhya Karlsen Holene
Medlem	Anne Lena Sygna Halleråker
Medlem	Monika Reime

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

ALPINTGRUPPA evt ALPINTNEMND:

Medlem	Lars Olav Halleråker
Medlem	Nils Petter Solheim

**Medlemene får mandat til å konstituera seg sjølve og ev. også få med fleire medlemmer i gruppestyret.*

ORIENTERINGSNEMND:

Kontaktperson	Ove Oklevik
---------------	-------------

LANGRENNSNEMND:

Kontaktperson	Per Fridolf Hillestad
---------------	-----------------------

STADIONSTYRE:

Leiar	Birger Moene
Medlem	Bjarni H. Valsson
Medlem	Jonas Midtbø
Medlem	Tore Ørbeck
Medlem	Rolf Johan Stranden

MARKNADSNEMND:

Representant frå hovudstyret	Hovudstyret finn representant
Medlem	Margrete Sjøhoel Røneid
Medlem	Ann Elisbeth Skjerven
Medlem	Stine Solvi
Medlem	Anne Therese Moen

LERUM CUP-NEMND:

Leiar	Geir Afdal
Representant frå hovudstyret	Ove Midtbø
Representant frå Fotballgruppa	Karita Nes
Medlem	Sverre Kjos-Wenjum
Medlem	Birger Moene
Kiosknemnd*	

**Fotballgruppa/hovudstyret må samarbeide om å finne kandidatar*

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

FORELDRELAGET:

**Styret innstiller på at vi legg ned gruppa etter tilbakemelding frå fotballgruppa, jf. e-post 14.03.22. Hovudstyret og Fotballgruppa får mandat til å organisere oppgåvene som har vore lagt til gruppa.*

FRIIDRETTSUTVAL:

Kontaktperson	Eitt av medlemene i Trimgruppa
---------------	--------------------------------

SKØYTEUTVAL:

Medlem	Terje Kalhagen
Medlem	Per Ivar Lomheim

UNGDOMSKONTAKT HOVUDSTYRET:

Medlem	Peder Olai Hillestad
Medlem*	

**Styret får mandat til å finne ein ungdomskontakt til.*

KONTROLLUTVAL:

Medlem	Gerd Westby
Medlem	Hermann Odd Stein

LUSTER IDRETTSRÅD:

Medlem	Ove Midtbø
Medlem	Norill Terese Norheim
Leiar kontrollutvalet	Geir Arne Kvam
Valnemnd	Erna Hamrum

VALNEMND:

Medlem*	
Medlem*	

**Hovudstyret og særgruppene må fungere som valnemnd. Får mandat til å finne medlemmer.*

NEMND FOR FLEIRBRUKSHALL HAFSLO:

Kontaktperson	Eirik Hoem
---------------	------------

NEMND FOR STOLPEJAKT LUSTER KOMMUNE:

Kontaktperson	Ove Midtbø
---------------	------------

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

HESTESPORTNEMND HAFSLO IL:

Kontaktperson	Svein Solheim
Kontaktperson	Harald Hess

KAJAKNEMND HAFSLO IL:

Kontaktperson	Hovudstyret inntil vidare
---------------	---------------------------

